



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

KYRKJELYDEN

*Kyrkjelydshlad for Tokke prestegjeld
Nr. 3, 2004 - Årg. 18*

Me ynskjer alle lesarane

God Jul og Godt Nytt År

Velkomen til eit nytt nummer av «Kyrkjelyden».

I skrivande stund er det ikkje mykje att av snøen som kom tidlegare. Til gleda for nokon, og sagn for andre. Borna er i alle fall ikkje i tvil: snø må me ha; helst i rikeleg mengde.

Og det kjem nok. Vinter er det uansett. Og fint er det når nysnø lysnar opp. Det gjer godt for kropp og sjel.

Eit nytt kyrkjeår er begynt. Det byrjar med advent. Ei tid for stillhet og håp. Ei tid med forventning ...ei tid for glede.

Vi har hatt to store adventkonsertar. I Mo og Høydalsmo. Fulle hus begge plassar, og med variert og stemningsfullt program.

Zbigniew Radziej skal ha ære for sin store innsats. Vi gleder oss når vi ser barn og ungdom som stråler av glede og stolthet ved

å framføre sine bidrag til konsertane. Med mange timars slit og øving føre.

På Dalen har det kome to nye familiar, Liberiarane som har budd mange år i flyktningleir i Ghana. Vi har laga eit intervju med ein av dei, Romeo Brown.

Vi vil gjerne rette ein takk til alle dei som har gjeve økonomiske bidrag til kyrkjelydsbladet dette året.

Vi ynskjer alle lesarane ei god jol og eit velsigna godt nytt år!

Svenning Jørgensen



Redaktør:

Svenning Jørgensen

Med god hjelp frå:

Eilev Erikstein

og

Olav Rune Ertzeid

Formgjeving:

Ove Kjell Huvestad.

Gåver til "Kyrkjelyden"

kan betalast inn på

bankgirokonto

2685 07 06947

Kyrkjekontoret i Tokke

Tlf 350 77 188

Fax 350 77 052

E-post:

soknepresten@tokke.kommune.no.

kyrkjeverja@tokke.kommune.no

kyrkjekontoret@tokke.kommune.no

Postboks 94

3886 DALEN

Kontoret er ope:

Måndag, tysdag, onsdag, torsdag

og fredag - kl. 0900-1330.

Sokneprest Ertzeid, Olav Rune

Kapellan Jørgensen, Svenning

Prostidiakon Erikstein, Eilev

Kyrkjeverje Huvestad, Ove Kjell

Organist Radziej, Zbigniew,

Organist Lamsodis, Robertas

- mobilt. 906 77 324

- mobilt. 909 76 719

- mobilt. 911 13 580

- mobilt. 908 77 188

- mobilt. 412 71 930

- mobilt. 970 97 475

Evangeliet om den nære Gud

Av biskop Olav Skjevesland

Det er minst hundre måtar å nærme seg joleevangeliet på! Det innbyr til så mange innfallsvinklar og utlegningar! Ein av mange måtar å nærme seg den gode jolebodsskapen på, er å lese han som evangeliet om den nære Gud. Evangeliet om at Gud er nær oss.

Vi kan saktens søkje Gud. Mange søkjer Gud. Lengsla etter eit siste ankerfeste i livet – for tid og æve – sit djupt i oss. Gau, vi kan søkje Gud. Men til sjuande og sist må vi bli oppsøkte.

Vi greier aldri å finne Gud. Vi må bli funne av den Gud som var villig til å bøye seg ned – heilt ned. Her vi er. Slik blir jolebodsskapen nettopp evangeliet om den nære Gud.

Eg høyrer av og til at menneske seier: «Då eg kom til tru. . .» Spørsmålet er om det ikke er meir rett å seie: «Då trua kom til meg. . .»

Den Gud som i jolenatta bøyde seg heilt ned til oss i Jesus Kristus, han er det òg som framleis kjem heilt ned og tenner trua i hjarta våre.

Jo meir vi grunnar på joli sitt mysterium, dess meir anar vi kor uendeleg djupt det er. Den Gud som famnar kosmos, kjem til vårt vesle støvkorn av ein klote – som eit sårbart barn på mors fang.

«Kan som all verda er for trang, her ligger han på moders fang,» song Martin Luther i si store jolesalme. Slik tek Gud del i vårt liv i denne verda. «Ordet vårt menneske.» I det gamle bibelspråket sto det at Ordet vårt «kjøt». «Kjøt» er det realistiske og saftige uttrykket for alt som høyrer menneskelivet til.

At Ordet vårt kjøt, må ein ha undrande augo for å fatte. Og framfor alt: Mysterier skal ein ikkje tukle med, men lovprise. Slik englesongen lød - og lærer oss: «Ere vere Gud i det høgste!»

Alltså: Jesus er ein av oss. I Jesu årer pulberte blod frå Marias hjarta. Så realistisk! Joli inneber at Guds verd og vår ikkje er skilde med lysårs avstand. Gud gjer seg til eitt med vår verd. Og jorda er gjort landfast med himmelen. Jesus har synt oss kvar Gud er: I vår kvardag og vår fest. I våre små gleder og store sorger. Han gjorde seg til eitt med alle skrik på jord då han gret i si krubbe og då han ropte frå krossen: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?»

Frå Jesu fødsel av er Gud samanfiltra med vår historie. Joli er Guds ja til verda. Det er som Gud vil seie: «Du menneske, frå no av kan inga makt i verda hindre meg i å halde av deg.»



Samtale med ein ny Tokkebuar

Romeo Brown er ein av dei flyktningane som kom til Dalen i oktober. Han har no språkpraksis knyta til Kyrkjekontoret. Der arbeider han 15 timar i veka. Kyrkjelyden har stilt han nokre spørsmål om livet før og kva for inntrykk han har av Noreg så langt.



Rosaline - Catherine - Romeo - Rosemond

Korleis var livet for deg i Ghana ?

Livet mitt i Ghana var samansett. Det er vanskeleg å forklare i detalj. Men om eg skal velje noko som eg gjerne vil sei noko om, då vil eg heilt kort seie litt om forholdet mitt til Jesus Kristus. Heile livet dei siste 23 åra har vore totalt sentrert rundt Jesus Kristus. 14 av desse åra var i Ghana. Der brukte eg mye tid til å forkynne evangeliet om Jesus Kristus. Eg underviste på Bibelseminar og på College. Eg var også rådgjevar for medflyktningar i Buduburam flyktningeleir. Eg utvikla også eigne kunnskapar på mange felt som relaterte seg til Gud, samfunnet og leiing. Det var sær utfordrande, men den allmechtige Gud gjorde sitt arbeid gjennom meg.

Korleis synest du norsk kultur er samanlikna med det du er van med i Afrika ?

Det er mange dimensjonar med kultur. Eg er overtydd om at alle kulturar i verda vår har sine klåre særdrag. Men det vil ikkje seie at kulturen er statisk, den er dynamisk. Når

ein kultur møter vanskar med omsyn til endringar då oppstår det vi kan kalla tradisjon. Den kulturen eg er van med i Afrika er sakte blitt påverka av kristendom. For meg, er det svært viktig. Om eg skal samanlikna den norske kulturen så ser eg at den også er påverka av kristendomen. Sjølv om eg berre har vore her to månader ser eg fram til å glede meg over den kristne kulturen i Noreg.

Den kristne trua betyr mye for deg. Kan du seie oss meir om det ?


Den kristne trua er det viktigaste i livet mitt. Eg voks opp i ein kristen heim. I 1978 vart eg omvendt til kristendommen. Eg var student den tida. På den tida var det å lesa frå Bibelen på skulen viktig. Læraren min på den tida hjalp meg til å forstå kven Jesus var og er. Ho lærte meg å ta i mot Jesus som min Herre og frelsar. Mi mor og bestemor var også viktige for meg i mi kristne utvikling. Dei oppmuntra meg til å lesa i Bibelen fordi det er den beste boka i verda. Dei lærde meg også å be minst to gonger om dagen. Difor er det framleis slik at å be og meditere over bodskapen i Bibelen er ei dagleg rutine for meg.

Kva veit du om norsk kristendomsforståing ?

Dette er eit vanskeleg spørsmål. Eg har berre vore her eit par månader. Eg er lei meg for at eg ikkje kan seie så mye om dette enno. Men eg veit at Noreg er eit kristent land. Alle kyrkjene vitnar og om det. Eg vonar berre at alle som bur i landet kan vitne om eit personleg tru på Jesus Kristus. Fordi vi skal alle stå til ansvar for liva våre overfor Gud ein dag.

Kva gjer deg glad eller nedfor ?

Dette er eit interessant spørsmål. For å gå rett på sak så er det slik at den fred eg har



I siste nummer av «Kyrkjelyden» spurde vi om nokon visste kven dette var bilete av. Det har kome ein del telefonar. Det er sokneprest Thorfinn Solberg.

han var sokneprest i gamle Lårdal prestegjeld i perioden 1930-46. Fleire av dei som har ringt inn, fortel at han har både døypt og konfirmert dei.

funne i trua på Jesus gjer meg glad. Eg vert lei meg når folk ignorerer behova dei har for å finne fred med Gud. For mange søker glede i materielle ting. Dei er viktige, men dei kan ikkje gje fred i hjarta.

Kva for eit bibelvers vil du dela med oss ?

Eg vil helse med orda frå Openberringa 22, 12 – 14

Sjå eg kjem snart, og mi løn har eg med meg; eg vil gje kvar og ein etter det han har gjort. Eg er Alfa og Omega, den fyrste og den siste, opphavet og enden. Sæle er dei som vaskar kleda sine, så dei får rett til å eta av livsens tre og gå inn gjennom portane i byen..

Det er mi bøn at alle må få eit personleg forhold til Jesus Kristus så han/ho kan få eta av livets tre når Jesus ein gong kjem att.


Svenning Jørgensen



Bibelutdeling i Skafså



Kyrkja var nesten heilt full då 5. klassingane skulle få Bibelen sin søndag den 5. desember. Bibelen er ei gåve som skal brukast, den er ikkje til pynt. Rolf Wesenlund sa ein gong at du kan ikkje løyse kryssord utan å ha lese i Bibelen !



Det viktigaste med Bibelen er ikkje å kunne løyse kryssord. Men ved å lese i den boka veks tru på Gud Fader og Jesus Kristus fram. Der kan ein finne svar på dei store spørsmåla i livet. Kva er meininga med det heile ? Kvar kjem eg frå ? Er vi åleine ? Er eg elska ? Kva skal eg gjere med skulda ?
Bruk boka ! Ho er best når ho er slitt.

Olav R.



ADVENTSKONSERT I MO KYRKJE SUNDAG 28. NOVEMBER



Nok ein gong har det vore adventskonsertar i Tokke, og som vanleg var det organisten i Tokke, Zbigniew Radziej som har

organisert det heile på ein framifrå måte. Det var mange i kyrkja denne kvelde, godt over 160 store og små.

Konsertprogrammet var omfattande, det var fleire innslag av Tokke songlag og Tokke barnekor - «Tusen stjerner». Det var og fleire av elevane i Tokke kulturskule som hadde soloinnslag. Alle var flinke og gjorde kvelden til ei oppleving ein vil hugse ei stund.



Tokke barnekor - «Tusen stjerner»



Tokke songlag

PROSTIDIAKONSTILLINGA I VEST TELEMAR 1985-2005

Sidan 1985 har Vest Telemark prosti hatt diakon. Per Emanuelson var den fyrste. Frå 1991 har Eilev Erikstein vore i jobben. Lenge var Vest Telemark prosti aleine om denne ordninga. Etterkvart har tanken spreidd seg til andre grisgrendte strok utan diakon. Prostidiakonen var eitt av dei tidlegaste samarbeid over sokne -og kommunegrensene i Vest Telemark, og økonomien kjem frå dei kyrkjelge fellesråda i Vinje, Tokke, Kviteseid, Nissedal og Fyresdal. Samt tilskot frå stat og bispedømmeråd.

Diakonaten i Vest Telemark førebur eit jubileumskrift, og bed folk om å teikne seg på eit Tabula Gratulatoria.- eller på norsk gratulasjonsliste. Boka kjem ut til jubileums-feiringa i Nissedal kyrkje søndag 10.april 2005 kl.16

I dette skriftet har ein samla noko av stillinga si historie. Vekta er lagt på på livsløpet til diakon Gotfred Rekkebo. Trønderen Rekkebo levde sine siste tjuge år i Treungen, og unnfanga ideen til prostidiakonstillinga medan han var sosialsjef og diakon i Nissedal. Men røtene til stillinga er helst å finne i Korea. Her arbeidde Gotfred Rekkebo og kona Rannei i 18 år.

Vi inviterer einskildpersonar, sokneråd, fellesråd og kommunane i Vest-Telemark til å bidra med ei pengegåve som helsing til Diakonaten. Gjevarane får namnet sitt i ei Tabula Gratulatoria-liste i jubileumsboka.

For å vera med på Tabula-Gratulatoria kan skrive eller ringe Kyrkjekontoret i Tokke 35 07 71 88 / Boks 94 ,3880 DALEN eller gje melding på e-post til ; kyrkjekontoret.tokke.kommune.no

Prisen for å stå på gratulasjonslista er 150 kr. for einskildpersonar og 500 kr for verksemder.lag og organisasjonar. Bok og rekning vert sendt ut medio april 2005.

Frist for å sette seg på gratulasjonslista er 1.02.05.

Med venleg helsing Styret for Prostidiakonen i Vest Telemark

Returadresse:
KYRKJELYDEN
Postboks 94, 3886 DALEN

**MESSELISTE TOKKE PRESTEGJELD
JOLA 2004 – FEBRUAR 2005**

Jolaftan 24. desember

Tokke helsesenter, Dalen kl. 14

Joleandakt
Olav Rune Ertzeid

Høydalsmo kyrkje kl. 14.30

Familiegudsteneste
Svenning Jørgensen

Lårdal kyrkje kl. 16

Familiegudsteneste
Svenning Jørgensen

Kommunehuset, Dalen kl. 16

Familiegudsteneste
Olav Rune Ertzeid

1. joledag 25. desember

Skafså kyrkje kl. 12

Høgtidsgudsteneste
Olav Rune Ertzeid

2. joledag 26. desember - Stefanusdagen

Mo kyrkje kl. 11

Høgtidsgudsteneste
Olav Rune Ertzeid

Nyårseftan 31. desember

Skafså kyrkje kl. 23

Midnattsmesse
Olav Rune Ertzeid

2005

Sundag 2. januar – Kristi åpenbaringsdag

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 9. januar – 1.s.e. Kr.åp.dag

Lårdal kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Kommunehuset, Dalen kl. 16.30

Gudsteneste
Olav Rune Ertzeid

Sundag 16. januar - Vingårdssundagen

Skafså kyrkje kl. 16.30

Gudsteneste
Olav Rune Ertzeid

Sundag 23. januar - Såmannssundagen

Høydalsmo kyrkje kl. 12

Gudsteneste
Svenning Jørgensen
Konfirmantane deltek
Dåp

Kommunehuset, Dalen kl. 16.30

Gudsteneste
Olav Rune Ertzeid

Sundag 30. januar – Kristi forklarelsesdag

Mo kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Olav Rune Ertzeid
Dåp

Lårdal kyrkje kl. 16.30

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 6. februar - Fastelavnssundag

Kommunehuset, Dalen kl. 16.30

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 13. februar – 1.s. i faste

Skafså kyrkje kl. 11

Familiens Misjonsdag
Olav Rune Ertzeid
Dåp

Høydalsmo kyrkje kl. 16.30

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 20. februar – 2.s. i faste

Lårdal kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Olav Rune Ertzeid

Kommunehuset, Dalen kl. 16.30

Gudsteneste
Olav Rune Ertzeid

Sundag 27. februar – 3.s. i faste

Mo kyrkje kl. 16.30

Gudsteneste
Svenning Jørgensen

